

Christine De Luca -



PORTRAIT O A LADY  
GROWIN AULD  
TAGIDDERNESS  
MAKKIN SOOTH ESHANESS

*Blendin colours  
Settin pattrens  
Castin aff*

Norwegian versions,  
translated from Shetland dialect, by Odd Goksøyr

PORTRETT AV EI DAME  
VERTE GAMMAL  
NÆRLEIK  
STRIKKE SOOTH ESHANESS

*Blande fargar  
Velje mønster  
Felle av*



PORTRETT AV EI DAME

Tante Baabie,  
fire generasjonar skilde oss,  
når ho kvilte, leika vi.  
Etter nitti år, kor mykje er att  
å seie?

Seint om morgonen  
to svarte leggar  
på toppen av loftstrappa.  
Tofler følte seg fram forsiktig  
og lett.

Vaska seg  
i vatnet frå brunnen;  
kjemde håret sakte, langt til livet.  
Solbærsvart var det;  
ordna og fletta,  
kveila rundt øyrene:  
ei ungjente i hjartet.

Nybakte kveitebollar  
smurde ho til oss  
med heimesmør; fôra  
den glupske svolten til omnen, laga mat.  
Aldri kvilte ho:  
sat sjeldan.

Frå toppen av torvstakken  
såg ho kor vi bygde: konge på haugen,  
styrte sitt råd.  
Reinskoren torv til vegger,  
i midten dei blåsvarte klumpane:  
ingen hast.

Sist i seng  
sløkte ho lampen,  
dekte glørne i omnen,  
langsame, faste steg.

Når vi reiste heim att  
trykte ho ein sixpence i handa vår  
med eit velsignande ord  
på veggen.

PORTRAIT O A LADY

Auntie Baabie,  
fowr generations pairtin wis,  
an her paece, wir play.  
Efter ninety year, nae muckle left  
ta say?

Late in da mornin  
twa black legs  
at da tap o da laft ledder.  
Smucks trivvelin doon peerie-wyes  
nae budder.

Wöshed her  
in water fae da burn;  
redded her hair, slow ta da waist.  
Curn black hit wis;  
scored and plaited it;  
wippit hit roond her lugs:  
a lass at heart.

Bakit oat scones  
klined dem fur wis  
wi fresh weet butter; fed  
da black fant o da stove, made maet.  
Nivver dippit her:  
nae saet.

On da heicht o da paet stack,  
shö watched wir biggin: tapster,  
keepin her counsel.  
Straight mossi eens fur da waa,  
a heart a blue clods:  
nae bassel.

Last ta bed  
shö slockit da lamp,  
restit da stove  
slow stramp.

Whin wi left fur hame  
sixpences i wör löfs shö birsed  
an blissit wir  
wi a wird.

## VERTE GAMMAL

### Wasterwick

Wasterwick, du gamle kvinne ved havet, gnura til ein venleik berre år kan gi deg. Du sit rak i ryggen, strekkjer ut vernande armar av klipper og stolpar. Songen din er songen frå selar og tusen ulike muslingar er sjølve stranda. Den tarekledde vågen er eit hemmeleg rom i famnen din, der tangen kitlande vaskar att og fram.

Du gir ly til flaksande skarvar, husrom til havhestane. Ein tjeld trippar stolt på skuldra di, ruger trygt i ein vev av treblada kløver. Fjørekollen er faksa på det flagrande sjalet ditt.

Vi ser på deg som har byssa vaksne menn, furer av visdom i di vitande ro. Solstrålane fell frå vest, legg mjukt ei villrose på granittandletet ditt.

## NÆRLEIK

I lia – to lam  
på ukjende trakter  
- eit svart og vilttert;  
eit brunt og meir forvent –  
tekne frå beitet  
til eit jorde nær husa;  
fanga og tjora saman:  
umake par.

Ikkje å undrast,  
så tett bundne, at dei dreg  
i kvar si retning.

Det tek ei tid  
i beste fall, å røre seg som ein,  
i verste fall, å venje seg; å sjå at  
ingenting er verre enn  
nærleik, når ein er  
vikla saman og fanga  
i ein vase.

## GROWIN AULD

### Wasterwick

Wasterwick, auld wife o da sea, worn tae a beauty only age can bring. Du sits straight-backed, airms reck oot bi clett an stack. Dy sang is da sang o sels an a thoosand shiftin shalls is dey beach demsels. Da Waarie Gyo is a secret fowld in dy skurt, whaar a kittle o tang swills to an fro.

Du gies hooseroom tae a swap o scarfs, lodgin ta mallies. A shjalders swanks apö dy shooder, nest safe in a reffel o trefoil an smora. Bank-floors mak a wavy aedge ta dy simmer hap.

We look on dee at's cradled grown men, trace lines o kennin on dy wise repose. Da wasterin sun at faas saaftly lays a wild rose apo dy granite face.

## TAGIDDERNESS

Twa hill lambs  
fae uncan erts,  
- een black an halliget;  
een morrit, mair perskeet -  
ta'en fae da heogan  
tae a park inbye;  
cringed an teddered:  
morroless.

Little winder  
sae clos yokit, een poos  
fornenst da tidder.

Hit taks a while  
at best, ta muv as wan,  
at warst, ta thole; ta see  
dere's naethin war as  
closness, whin hit's  
reffelled up an wippit  
in a snöd.

## Strikke Sooth Eshaness

### *Blande fargar*

Ikkje rart at denne staden heiter Stenness:  
eit nes av stein. Kvar du enn ser,  
nokre fastna i grunnen, nokre langvegs komne.

I fjørekanten er stranda gulbrun, men  
like ved, fargespelet i steinane  
som hesper på eit bord eller ulla

frå Nortmaven-søyer, blågrå, mørkegrå,  
brungrå – der, mellom fjøresteinane,  
mellom grunnstoffa, blanda av tida, kverna

rundt av flo og fjøre, det evige veret, til  
kvar stein har blitt seg sjølv. Med eigne merke  
som lamma i bonden si bok, spraglute,

flekkute, kvitbrysta, kvitpanna, brannute og  
somme med ujamnt farga bøter, slike  
dei kallar brokute. Bergflater

ein kan springe bortetter, legge fisk utover  
til turking. Ein trekeiping, godt stødd opp, ligg  
dregen på land, ein stripe raudt, i slekt med

alle andre båtar som fiskar her omkring. Nokre  
tjeldar er dei einaste som lever innved rorbuene,  
ein forvilla stare går og pikkar mellom steinane.

### Velje mønster

I dei samanrausa veggane er knapt ei dør  
eller ei glasrute att, men der, eigenrådig,  
trykkjer Dore Holm klinka ned,

opnar ein romsleg port, og Fiorda Taing  
vender eit vindaug mot havgolvet.  
Lyfter du blikket, kan du sverje at

Da Drongs er eit framandt langskip  
styrt av ein Jarl som stirer fram mellom  
råseglet og den svarte stammen.

Lenger framme skal han herje  
Urafirt. Men rekk det truleg aldri.  
Han kjempar enno mot straumen frå tidevatnet.

## Makkin Sooth Eshaness

### *Blendin colours*

Nae winder *Stenness* is da name here:  
ness o stane. Der iverywye you luik,  
some aert-fast, some lang vaeged.

Fae da broo da beach is fawn, but  
clos up, der mair colours i da stanes  
as in a shade caird or i da fleeces

o Nortmaven yowes: emsket, shaela,  
moorit – dere, ithin da ebb-stanes,  
ithin time's meld o minerals, milled

bi tirl o tide an boo o wadder, till  
every stane is different. Der markit  
lik lambs ithin a flock book: marlit

fleckit, kraigit, sholmit, brandit an  
some wi muckle colour patches at  
could be ca'ed bersuggit. Der stanes

fur rinnin owre, fur layin fish oot flat  
ta dry. A yoal, weel shoarded, lies abön  
da beach, a dab o red; sib tae aa

da boats at wid a fished fae here. Noo  
shjaldurs is da only life ithin da böds,  
an antrin stirleen packs athin da stanes.

### Settin pattrens

I da run waas der barely a door  
or window left but, dere, ram-stam,  
da Dore Holm oppens on da sneck

wider as I geeng, an Fiorda Taing  
hes a window ta dae ocean flör.  
Lift your een, an you could swear

Da Drongs wis a uncan langship  
wi Jarl skipper skilin fae atween  
a squaresail an da blackest prow.

Walkin farder on, he sterts ta sink  
ta Urafirt. He nivver med hit shurley  
an battles still fornenst ta tidal rip.

## Felle av

Bak neset duvar blå strandløk tett  
over flomålet, og geiteskjegget strør  
blå-fiolett hygge mellom steinane.

Dei ramar inn kunstverket havet har skapt:  
lys og lydar, alltid det same og i endring.  
Kunne du fange denne venleiken i ei flaske,

tørke han, henge han over peisen, så  
selje han til ei tørstande og sveltande verd,  
ville du bli uendeleg rik, og dei velsigna.



Da Drongs -

[http://shetlopedia.com/Image:Drongs1\\_crop.jpg](http://shetlopedia.com/Image:Drongs1_crop.jpg)



Dore Holm -

[https://secure.wikimedia.org/wikipedia/en/wiki/File:Dore\\_Holm\\_5829.jpg](https://secure.wikimedia.org/wikipedia/en/wiki/File:Dore_Holm_5829.jpg)



Stenness

<http://shetlopedia.com/images/b/b8/Stenness1.jpg>

## Castin aff

Aroond da ness, blue squill drifts tick  
abön da shörmal, an oyster plants crug  
bluey-purple snug among da stanes.

Dey aedge da art dat's wirkit bi da sea:  
sichts an soond, constancy an change.  
If you could but bottle aa dis beauty,

or dry hit, hing hit on dae raep, dan  
sell hit tae a tristy an fantin wirld,  
you'd be möld rich, an dey'd be sained.